




## Norheimsund – Steinsdalsfossen – Norheimsund

## A walk around Movatn (lake) to the famous Steinsdalsfossen waterfall.



Steinsdalsfossen.

Foto: Lauritz Eide

## Rute og ymse av interesse

Terrang: Lett fottur i flatt terreng, på sti, veg og fortau.

Tid: 1 1/2-2 timar

(1) Vi startar ved Straumen, inst i bukta. Herifrå opphavet til namnet Norheimsund, *nor* er gamalnorsk for *trong*, *liten*. Ved flo sjø renn sjøen inn, og Movatnet er brakkvatn; ferskvatn blanda med sjøvatn. Vatnet har såleis ein særreigen vegetasjon.

Vi går over Straumen til Norheimsida på den vakre kvelvingsbrua, bygd i 1909. Den første brua over Straumen, ei trebru, vart bygd i 1875, før den tid gjekk all ferdsle med båt.

## Route and places of interest

Terrain: An easy walk on flat terrain on marked paths, country roads and pavements.

Time: Approximately 1.5 - 2 hours.

We start our walk by Straumen (1), the estuary between the lake and the fjord.

This also denotes the origin of the name Norheimsund, *Nor* meaning small and narrow and referring to the narrow current which is fed or emptied into the fjord according to tidal movements. The Movatn has a mixture of fresh and sea water, fresh water coming from the Steinsdal river and salt water from the fjord.

Our walk crosses the Straumen by the lovely arched stone bridge built in 1909, crossing the main road by overhead bridge, and leads left towards Sundsvik and then into a lightly wooded area along the waterside, revealing a variety of plant life and trees originating close to the iceage.

The path emerges into the open area of Plasset (2), where the remains of a dwelling for a «husman» - the poorest of the farmers - can be seen. They often had large families (the last tenant had 12 children), very little grazing land, and this particular farmer had to cut and dry grass for the animals during the winter. This had to be pulled downhill by sledge. Pleasing views over the Movatn lake towards Folgefonna glacier across the Hardangerfjord.

Movatn (3) holds fresh and salt water species such as sea trout and salmon. The salmon travels up river into Steinsdalselva and is locally well known for producing large sized superior quality fish.

The lake has a wetland area where many species of birds make their nests, including several varieties of duck, and the heron may also be seen hunting for fish.

Fishing permits may be obtained from Mo Sport, and daily fishing permits along Steinsdalselva river (4) may be obtained from the local landowners.

The walk continues past working farms and some of the old Troskytjer, which years ago housed dried hay and the wooden poles used during summer as racks for drying the hay.



Garden Norheim er ein av dei eldste gardane i bygda. Vi går til venstre, gjennom Sundsvik, eit bustadfelt som vart bygt ut i 1950-60 åra. Tidlegare var dette slåttemark for Norheims-gardane. På Solheim ligg Norheim blomstergartneri, der dei produserer krysanterium. Vi passerer det siste huset og går vi vidare på stien langs vatnet. Her er rikt biologisk mangfald, edellauskog og mange ulike planter som veks i den lune lia.

På Plasset (2) kjem ein ut av skogen, her er det fin slåttemark. Staden var tidlegare husmannsplass, like ovanfor den vesle løa kan ein sjå murer etter stova. Husmannen måtte langt til fjells etter for til dyra sine, mellom anna slo han gras ved Myklavatn (800 m.o.h.) og drog høyet heim på kjelke vintersdag. Den siste husmanns-familien som budde her, hadde 12 barn.

Frå Plasset har ein vakker utsikt mot isbreen Folgefonna på den andre sida av Hardangerfjorden, og mot vest ser ein fjelltoppen Kvitingen (1299 m.o.h.).

I Movatnet (3) finst både sjøfisk og ferskvassfisk, sjøaure og laks. Sjøaurestamma i Steinsdalselva er mest kjent for høg gjennomsnittstorleik pr. fisk. Rundt vatnet er der våtmarksområde med rikt fugleliv. Stokkandpar hekkar i strandkanten, hegren står på grunna og speidar etter fisk. Fiskekort for Movatnet kan kjøpast på Mo Sport, dagskort for fiske i Steinsdalselva (4) er tilsals hjå grunneigarane langs elva.

Til høgje ser vi Storafjellet, ca. 200 m. høgt. Bergarten er mjuk fyllitt, «esja», og stripene i fjellet viser at dette er ei sedimentær bergart, avsett på sjøbotn. Vi går framom gardane Nesthus, Århus, Midthus og Øvsthus. Gardane er i full drift, produksjonen er mjølk, storfe- og sauekjøt. Fleire stader kan ein sjå *troskykkjer*, små enkle uthus bygt i stavkonstruksjon. Desse vart nytta til lagring av staur eller høy.

Steinsdalsfossen (5) er ein kjend turistattraksjon, og sommarsdag er her eit yrande liv. Fosselva, som er varig verna, kjem frå Myklavatn 800 m.o.h., og renn i stryk og fossar heile vegen. Der går ein sti bak fossen, og vassfallet som styrtar utfor fjellkanten kan beundrast frå innsida. (Ein avstikker på bygdevegen til Rosseland (6) byr på vakker utsikt over fjord og fjell).

Frå Steinsdalsfossen går vi over kvelvingsbrua, tek til venstre, og følgjer fortauet langs riksvegen. Gardane vi passerar, heiter Mo. Nedst på Mo tek vi av til høgje, skilt til Sandvenhagen (7). På Sandven-haugane (8) har vi fint utsyn over Movatnet. I haugane til venstre, sør for vegen, finst der framleis bunkersar og andre tyske anlegg etter siste verds-krigen. I krigs-åra låg 2-3000 tyske soldatar i treningsleir i Steinsdalen.

På høgda ligg Norheisund kyrkje (9), reist på dugnad og ved hjelp av innsamla midlar. Kyrkja vart innvigd i 1991, og har ei vakker altertavle, laga av ein lokalkunstnar, Audun Storaas. Kontakt Turistkontoret for omvising.

Tettstaden Norheimsund (10) har lange tradisjonar som turismål og handelssenter. Det første vi får auge på i sentrum, er det ærverdige Sandven Hotell, bygt i sveitserstil. Hotellet, Tingstova og Sjøbua er nyrestaurert. Sentrum er ei blanding av gamle og nye bygningar, murbygningane ved hovedgata vart bygt opp etter ein større brann i 1932. Frå strandpromenaden har ein vakkert utsyn over hamna, fjorden med Sandvenholmen og fjella med den snøkvite Folgefonna.

#### Hugs:

*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

#### Remember:

*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

Eventually we come to Steinsdalsfoss (5) (foss meaning waterfall), the high point of this walk. This exceptional waterfall allows you to walk behind the cascading water as well as admiring its magnificent force as it tumbles over the high ledge.

The contributory river to the Steinsdalsfossen is now permanently protected.

A detour uphill towards Rosseland (6) will reward the determined walker (on tarmacked country road) with a spectacular view of the lake, fjord and surrounding area. (Add 2km).

Crossing the Steinsdal river by the stone bridge (left turn), the walk continues on the pavement along the Steinsdalen valley with its many working farms. At a sign indicating Sandvenhagen (7) cross the main road and follow the road, which rises gently at Sandvenhaugane (8) to reward you with a fine view over Movatn to the left.

This area has many recollections of the 2,000-3,000 German soldiers stationed in Steinsdalen during the Second World War.

The walk continues towards Norheimsund and its recently built church (1991) (9) with its remarkable (or splendid) alterpiece by local artist Audun Storaas.

As we drop down towards the village of Norheimsund (10), the local Sandven's Hotel with its fine architecture stands proudly in its centre, lovingly restored. The village's central position encouraged a tradition of tourism and trade, and it is considered an essential stopover by bus and boat operators.

The views of the village, its smiling hills, the glacier and steep mountains across the fjord, the calm reflections of the many wooden houses along the water's edge - a walk to be remembered.